



Rapport frå prosjektet:

# Forvaltning av teknisk-industrielle samlingar





## Innhald

1	Forord.....	3
2	Innleiing.....	3
3	Bakgrunn: Dei 14 tekniske og industrielle kulturminna .....	4
3.1	Salhus Tricotagefabrik som døme.....	5
4	Teknisk-industrielle samlingar og registrering .....	7
4.1	Emneord.....	7
4.2	Hovudforslag til endringar i Primus.....	8
5	Teknisk-industrielle samlingar i bruk .....	9
5.1	Museumsgjenstandar i drift .....	9
5.2	Planarbeid.....	9
5.3	Autentisitet .....	9
5.4	Vedlikehald og kunnskapsoverføring .....	10
5.5	Tilgjengeleg personale .....	10
5.6	FDV i Primus.....	11
5.7	Loggføring .....	11
6	Teknisk-industrielle samlingar i kontekst .....	12
6.1	Prioritering og verddivurdering .....	12
6.2	Significance: Kvifor – og korleis – er samlingane våre viktige?.....	12
6.2.1	Ulike variantar.....	13
6.2.2	Våre utprøvingar.....	13
6.2.3	Oversyn over dei ulike Significance-variantane .....	14
6.2.4	Korleis bruke Significance?.....	15
7	Møte og seminar .....	16
8	Oppsummering.....	18
	Litteraturliste.....	19

## Vedlegg

- 1 Registreringsretteleiing for teknisk-industrielle gjenstandar
- 2 Emneordliste trikotasje
- 3 Døme på Significance-vurdering / Why Do We Have It?
- 4 Døme på Significance-vurdering / Significance 2.0
- 5–6 Døme på Significance-vurdering / Reviewing Significance 2.0
- 7 Skjema for Significance-vurdering, basert på walisiske Why Do We Have It?
- 8 Plan for disponering av rom og maskiner, Norsk Trikotasjemuseum 2014
- 9 Enkelt vedlikehaldsskjema, mal

## 1 Forord

Vi ynskjer å takke Kulturrådet for økonomisk støtte og som fagleg diskusjonspartner i dette prosjektet. Prosjektet har gjort det mogleg å setje spesielt fokus på industrimuseum og løfte fram våre utfordringar innan samlingsforvaltning, og dette set vi stor pris på.

Takk til Nettverk for industri- og teknologihistorie og Nettverk for arbeidarkultur og arbeidslivshistorie – og til musea vi har samarbeidd med i dette prosjektet: Karmsund Folkemuseum, Orkla Industrimuseum, Norsk Sagbruksmuseum, Norsk Grafisk Museum, Sjølingstad Uldvarefabrik, Klevfos Industrimuseum, Akershus Museum, Nord-Jarlsbergmuseet, Lommedalsbanen, Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum, Norsk Skogmuseum, Norsk Teknisk Museum, Norsk Industriarbeidermuseum og Norsk Telemuseum.

Norsk Trikotasjemuseum, Museumssenteret i Hordaland

Februar 2014

 **Norsk Trikotasjemuseum**  
MUSEUMSENTERET i Hordaland

## 2 Innleiing

I 2011–13 har Norsk Trikotasjemuseum (NT), Museumssenteret i Hordaland, arbeidd med prosjektet Forvaltning av teknisk-industrielle samlingar. Prosjektet er støtta av Norsk Kulturråd. Arbeidet har vore forankra i det nasjonale museumsnettverket for teknologi og industrihistorie, arbeidarkultur og arbeidslivshistorie og dei 11 teknisk-industrielle kulturminna, og vi har samarbeidd med fleire museum i løpet av prosjektperioden.

### Industrielle kulturminne

I prosjektet har vi fokusert på dei spesielle utfordringane museumssamlingar med industrihistorisk opphav har når det gjeld registrering, dokumentasjon og bevaring. I Noreg gjeld dette kanskje spesielt dei 14 tekniske og industrielle kulturminna som er støtta av Riksantikvaren. Det overordna målet har vore ei meir heilskapleg langsiktig forvaltning av samlingar med industrihistorisk opphav, mellom anna gjennom ein registreringsmal og arbeid med verdivurdering av teknisk-industrielle gjenstandar. Vi ynskte å løfte fram typiske utfordringar med overføringsverdi til andre museum, og opne for diskusjon i nettverket.

Med utgangspunkt i arbeid med maskinparken ved museet har vi arrangert seminar og arbeidsmøte der vi har drøfta problemstillingar rundt korleis vi best kan registrere, vedlikehalde og ta vare på kunnskapen om samlingane ved denne typen museum. Tildelinga til prosjektet vart mindre enn søkt, og prosjektet er difor tilpassa midlane frå Kulturrådet og tilgjengeleg eigenfinansiering. Ut frå dette valde vi å leggje hovudfokus på:

- registreringspraksis og emneord (første prosjektperiode)
- plan for maskinparken og industriminnet Salhus Tricotagefabrik og verdivurdering av teknisk-industrielle samlingar (andre prosjektperiode)
- arbeidsmøte i dei aktuelle nasjonale museumsnettverka

Prosjektet har dermed vore forankra i diskusjon med medlemmar i dei ulike nettverka, og arbeid med vår eiga museumssamling som døme. I førre prosjektsøknad hadde vi sett oss føre å arbeide med videodokumentasjon av maskiner i drift, men ut frå dei økonomiske rammene til prosjektet valde vi å nedprioritere dette og fokusere på samlingsforvaltingsdelen av prosjektet. Prosjektet vart avslutta ved utgangen av 2013.

Det tidlege arbeidet (2011–12) vart utført av prosjekttilsett Hanne Dale, dåverande felleskonservator for teknikk og industri Marit Kjeksrud Amundsen og vikarierande avdelingsleiar Inger Lena Gåsemyr. Frå seint 2012 har følgjande vore del av prosjektgruppa ved Norsk Trikotasjemuseum: prosjekttilsett Hanne Dale, rådgjevar og samlingsansvarleg Torunn Kojan Bøe, maskinteknikar Geir Arne Tverlid og avdelingsleiar Ann Kristin Ramstrøm.

Dette prosjektet representerer eit vesentleg løft for samlingsforvaltninga ved Norsk Trikotasjemuseum. Det har bidrege til ytterlegare profesjonalisering av arbeidet vårt med samlingane, og gjeve oss moglegheit til å prioritere samlingsforvaltning i større grad enn tidlegare, og dette set vi stor pris på. Gjennom prosjektet har vi framheva mange viktige problemstillingar som vi vil arbeide vidare med i åra som kjem. Vi håpar at våre løysingar òg kan ha overføringsverdi til andre norske industrimuseum.

### 3 Bakgrunn: Dei 14 tekniske og industrielle kulturminna

*Endringer i industri og næring har skapt en økende kategori kulturminner i form av nedlagte industrilokaler og anlegg fra 1900-tallet og tidligere. Slike kulturminner må sees i en helhet som inkluderer bygninger og produksjonsutstyr, arbeids- og boligforhold, ressurstilgang, tekniske innretninger og anlegg. Til sammen gir dette en spennende fortelling om norsk industrihistorie. (...) Både istandsetting, drift og vedlikehold krever store ressurser (Riksantikvaren 2013).*

Riksantikvaren har prioritert 14 tekniske og industrielle kulturminne i Noreg som har fått særskilt vern. Alle desse har felles utfordringar i å ta vare på store industrianlegg og det tilhøyrande kulturmiljøet.

Salhus Tricotagefabrik utanfor Bergen er eitt av desse industriminna, saman med Atlungstad brenneri, Fetsund Lenser, Follidal gruver, Haldenkanalen, Neptun sildoljefabrikk, Næs Jernverksmuseum, Kistefos Træsliberi, Klevfos Cellulose- og Papirfabrikk, Rjukanbanen, Sjølingstad Uldvarefabrik, Spillum Dampsag & Høvleri, Tyssedal kraftanlegg og Odda Smelteverk. I tillegg har Sellevåg treskofabrikk og Lokaltrafikhistorisk foreining fått oppfølging og midlar frå Riksantikvaren (Riksantikvaren 2013).

#### Spesielle utfordringar

Dei teknisk-industrielle kulturminna og liknande museum har omfattande og komplekse samlingar. Desse rommar både gjenstandar, foto, arkiv, film og immaterielle kulturminne, men òg bygningar, tekniske installasjonar og maskineri, område og miljøet kring kulturminnet, som vegar, vassvegar og brygger. Mange av problemstillingane som gjeld desse samlingane er felles for museum med kulturhistoriske samlingar. Samtidig har tekniske/industrielle samlingar òg ei rekkje særutfordringar, mellom anna når det gjeld registrering og forvaltning:

**Storleik:** Mange store gjenstandar er m.a. ei utfordring for magasinering. Mange av dei er gjerne fastmonterte og kan/bør ikkje flyttast.

**Omfang:** Dei fleste har store bygningskompleks inkludert tekniske installasjonar, maskiner plassert i produksjonslinjer og miljøet rundt anlegget.

**Kontekst:** Gjenstandane er gjerne tett knytte til samanhengen og heilskapen dei står i produksjonslokala (er originalinventar og/eller høyrer til i ei produksjonslinje).

**Kompleksitet:** Storparten av gjenstandane har mange delar, reservedelar, manualar, reklamemateriell, delekatalogar og anna knytt til seg.

**Teknisk fagspråk:** Samlingane rommar mykje teknisk kunnskap og vokalbular. Korleis kan ein best ta vare på og formidle dette?

**Bruk:** Fleire av musea har maskiner som framleis er i bruk i demonstrasjonar/ museumsproduksjon. Gjenstandane er gjerne meint å skulle brukast i ein industriell prosess, og kan lett ruste ved oppbevaring i eldre fabrikklokale. Moderat bruk og kontinuerleg vedlikehald kan vere ein like god måte å ta vare på maskinene (og kunnskapen om dei) enn å la dei stå stille.

**Prosessar:** Korleis kan ein best dokumentere og formidle dei industrielle prosessane maskinene utfører? Å dokumentere maskinene i sitt opphavlege miljø (film/foto/lyd) ved inntak, eller som eit alternativ til inntak av sjølve maskina, kan vere ei løysing.

**Kunnskapsoverføring:** Gjenstandane krev mykje teknisk kunnskap å vedlikehalde, kunnskap som i aukande finst hos ein eldre garde fabrikkarbeidarar og maskinreparatørar i Noreg – og snart, hovudsakleg i utlandet?



### 3.1 Salhus Tricotagefabrik som dømme

*Bergensområdet og delar av Hordaland var senteret for den eldre trikotasjeindustrien og hadde ei førande stilling innan tekstilbransjen i Noreg frå midten av førre hundreåret. I Bergensområdet har tekstilindustrien prega framveksten av fleire tettstader, t.d. Espeland, Eidsvåg, Ytre Arna Hop og Salhus (Martinussen 1987).*

Salhus Tricotagefabrik (1859-1989) var landets første fullmekaniserte trikotasjefabrikk og høyrer til den første industrialiseringsbølga i Noreg. Gjennom 130 år produserte fabrikkens strikka klede og garn i ull og bomull: strømper, sokkar, undertøy, genserar og badedrakter til kvinner og menn. Produksjonslinja gjekk frå ullmottak, vasking av ull, farging, karding, spinning av garn, spoling og vidare til strikking av stoff. Deretter blei stoffet skore til, sydd saman, kontrollert og pakka. Krone Maco er eitt av varemerka som kjem herifrå.

Fabrikkens er intakt med bygningar, maskinpark, delelager og arkiv. Anlegget er på til saman 31 bygg og har eit samla golvareal på omlag 10.000 m<sup>2</sup>. I tillegg til alle fabrikkbygga har museet tre arbeidarbustader, disponentvilla, skulehus, samt diverse uthus og bodar, uteareal med grøntanlegg, mura elveløp, vegar, stiar, bakkemurar og sjøfront.



Norsk Trikotasjemuseum sett frå sjøen. Foto: Helge Sunde 2009.

#### Unge institusjonar

I motsetnad til mange kulturhistoriske museum, er industrimusea forholdsvis nye institusjonar. Norsk Trikotasjemuseum og Tekstilsenter vart vurdert etablert seint på 1980-talet, i kjølvatnet av arbeid med teknisk-industrielle kulturminne i Norsk Kulturråd og hos Riksantikvaren. Dette munna mellom anna ut i ei kartlegging på fylkesplan, *Plan for vern av maskiner, anlegg og miljø innan trikotasjeindustrien i Hordaland* (Fylkeskonservatoren i Hordaland 1987), og til slutt ei avgjerd om å verne Salhus Tricotagefabrik som eit dømme på norsk trikotasjeindustri.

Då fabrikkens la ned i 1989 var store delar var maskinparken og arkivet til Salhus Tricotagefabrik framleis intakt. Norsk Trikotasjemuseum opna offisielt dørene for publikum i 2001, etter omfattande restaurering, opprydding og kartleggingsarbeid – men òg formidling – i etableringsfasen på 1990-talet. Hovudoppgåva var vern av eit representativt industriminne i norsk industrihistorie: av masseproduserte tekstilar og maskiner og fysiske og immaterielle spor etter eit kompakt industrisamfunn som vaks fram saman med fabrikkane.

## Bevaring og innsamling

Museet tek vare på maskiner til ulike prosesser i produksjonen av strikka tekstilar. Store delar av maskinparken er frå tida kring sist hundreårsskifte, men produksjonslinja inneheld representative maskiner frå heile epoken anlegget var i drift. Samlinga rommar om lag 170 strikkemaskiner, 250 symaskiner og 50 maskiner til andre prosessar i garn- og tekstilproduksjon - 160 av dei er utstilte i produksjonslokala. Maskinene kjem hovudsakleg frå fabrikkene i Salhus, men òg frå andre tekstilfabrikkar i Bergensregionen og andre delar av landet. I tillegg kjem spesialverktøy og eit omfattande delelager til maskinene.

Arbeid med prioritering og verdivurdering av eigne samlingar krev eit godt bilete av innsamling og fokus i fortida, notida og framtida. Innsamlinga ved vårt museum har vore styrt av fleire tankar: bevaring av Salhus Tricotagefabrik og bygga ikring som eit mest mogleg autentisk industriminne, av eit representativt utval av maskiner frå (vest)norsk trikotasjeindustri, eit ynskje om å vise den teknologiske utviklinga til desse maskinene og innsamling med tanke på å formidle historia til lokalsamfunnet i Salhus. Samtidig vart redningstanken rådande, då mange tekstilbedrifter på Vestlandet la ned eller flytta drifta til utlandet i åra etter museet vart etablert. Bruksaspektet har òg vore og er viktig – at maskinparken skal kunne brukast til å demonstrere produksjonsteknikkane og levandegjere fabrikkmiljøet.

Dette har, i kombinasjon med fråvær av faste tilsette innan samlingsforvaltning, resultert i ei samling som har vore skildra som «stor, tilsynelatende uhandterlig og til dels uoversiktlig og sammensatt» (Statusrapport – Samlingen ved Norsk Trikotasjemuseum 2009).

## Ikkje unik

Situasjonen ved Norsk Trikotasjemuseum er dessverre ikkje unik, og fleire av dei andre tekniske og industrielle kulturminna slit med liknande problem. Mange av musea har registrert foto og meir konvensjonelle kulturhistoriske museumsgjenstandar - gjerne dei som er mindre i storleik og kompleksitet- medan maskiner og tekniske installasjonar i stor grad står uregistrerte. Kan hende har dei òg i større grad blitt sett på som bruksgjenstandar enn som museumsobjekt. Fleire av musea framhevar at drift av store anlegg – inkludert restaurering og bygningsvern, reparasjon og eventuell produksjon – krev vesentlege ressursar og store delar av personalet. Mange stadar har dette og formidling lenge vore prioritert høgst – dette gjeld òg vårt museum.

## Sårbar kunnskap

I diskusjonane våre med andre industrimuseum, vektlegg dei fleste utfordringa i å overføre kompetanse frå aldrande tidlegare arbeidarar, frivillige og maskinarbeidarar – ein type kunnskap som gjerne sit i hender og hovud og er tileigna gjennom eit langt arbeidsliv. Dette er sårbare ressursar vi må arbeide med å sikre. Denne typen ikkje-formalisert kunnskap kan knytast til omgrepet 'handlingsboren kunnskap', sjølv om vi meiner det her er eit vesentleg skilje mellom tradisjonshandverk som går i arv og industrielt arbeid. For maskineriet det her er snakk om finst det oftast manualar og tekniske instruksjonsbøker – det treng ikkje vere vanskeleg å lære å køyre ei maskin.

Reparasjon, derimot, krev omfattande teknisk og mekanisk kompetanse på gammalt maskineri som det i mange tilfelle vil bli stadig vanskelegare å få tak i. Dei som kunne noko om anlegg og maskineri då det var i ordinær drift, vert stadig eldre, og mange slit med rekruttering til venneforeininga til museet – der fleirtalet av medlemmane gjerne er tidlegare arbeidarar. Her trengst det medvitne strategiar for sikring og overføring av kompetanse.

Fleire av musea vi har arbeidd med i dette prosjektet har oversiktslistar over maskinparken i Word eller Excel, men manglar registreringar i Primus. Dette er uheldig på mange måtar, både fordi ei Primus-registrering er ein god måte å systematisk samle kunnskapen ein har om gjenstandane sine, og i forhold til verdsetjinga av denne typen gjenstandar. At maskinene ikkje er registrerte gjer dei òg mindre synlege for publikum som ein viktig del av samlingane til norske museum.



## 4 Teknisk-industrielle samlingar og registrering

Eit hovudtema i prosjektet har vore å vurdere om Primus eignar seg som registreringsverktøy for teknisk-industrielle gjenstandar. Det er tidkrevjande å gjennomføre gode registreringar og leite fram alle koplingar til arkivdokument, manualar og dokumentasjonsfoto. Primus byggjer på eit generelt registreringsskjema, og ikkje alle felte er like relevante for industrimaskiner. Dette er eit problem ein møter i arbeidet med ulike gjenstandsgrupper, og vi har valt å gått vekk frå tanken om å utvikle ein eigen modul for industrimaskiner. Primus er ikkje perfekt, men det er det verktøyet dei fleste norske museum brukar, og det er fullt mogleg å gjennomføre maskinregistreringar i programmet slik det er i dag.

Maskinregistrering er tidkrevjande, uansett korleis ein snur og vender på det. Samtidig gjeld det å ikkje gjere det så komplekst at det vert uoverkommeleg å setje i gang. Vi vil argumentere for å byrje med hovudeiningane – som oftast vil vere eit komplekst objekt – og arbeide seg nedover etter kvart. Kor mange delar av ei maskin er det realistisk, og ikkje minst, nyttig, å registrere? Dei teknisk-industrielle kulturminna har òg gjerne gjenstandsgrupper med mange forholdsvis like objekt (Norsk Trikotasjemuseum har m.a. mange garnkoner, traller og kassar til transport av garn og tøy, Norsk Sagbruksmuseum har over 600 rammesagblad). Her meiner vi det bør vere ei vurderingssak (sett i forhold til tidsbruk, nytteverdi, m.m.) om museet ynskjer å registrere kvar og ein, eller om det kan halde å registrere dei under ein samlepost. Ein annan innfallsvinkel kan vere å prioritere proveniens: Viss museet har utfyllande historikk og informasjon om den gjeldande gjenstands(gruppa), så er Primus ein mogleg stad å lagre – og tilgjengeleggjere – denne informasjonen. Slik sett kan det vere ein fordel å registrere i samband med researcharbeid, utstillingar, revisjon og liknande.

### Registreringsretteiing

I staden for å krevje ein ny modul, har vi heller fremja forslag om nokre mindre endringar i Primus, og skrive ei registreringsretteiing retta mot denne typen gjenstandssamlingar (sjå vedlegg). Denne er meint å definere bruken av felte til teknisk-industrielle gjenstandar og vere med på å gjere registreringsprosessen enklare og meir einskapleg. Retteiinga tek føre seg ein del av utfordringane vi har drøfta på arbeidsmøta i prosjektet, og er basert på vårt arbeid med registrering av maskiner på Norsk Trikotasjemuseum i prosjektperioden. Vi håpar at dokumentet òg vil kunne lette registreringsarbeidet på andre museum med teknisk-industrielle samlingar.

### 4.1 Emneord

Vidare har vi diskutert å utarbeide standardiserte emneordlister for dei ulike industrigreinene som kan importerast til Primus. Slike lister kan brukast som eit ledd i å sikre meir einskaplege registreringar og betre treff i Primus og Digitalt museum. Det er ikkje vanskeleg å leggje inn emneordlister i Primus, og det er slik sett eit enkelt verktøy i arbeidet for meir einskaplege registreringar. Akershusmuseet har fått kopiere Jernbanemuseet si emneordliste på fagområdet jernbane gjennom KulturIT, og har utfordra Jernbanemuseet til å diskutere emneordlista i jernbanemiljøet som faginstans. Dette er berre eitt døme på korleis arbeid med slike lister kan leie til auka diskusjon og bevisstgjerjing rundt registreringspraksis og fagspråk.

Vi har difor starta med å skrive ei emneordliste med utgangspunkt tekstilindustri og trikotasje som vi vil bruke i eigne registreringar. Desse tek utgangspunkt i dei Outline-kategoriane som finst for tekstilindustri, og ord vi trur folk kan tenkjast å søke på viss dei leitar etter gjenstandar frå trikotasjeindustrien. Emneord kan mellom anna vere **ulike aktivitetar eller operasjonar i produksjonslinja** (klesproduksjon, karding, spinning, søm, konfeksjon), typar **drivkraft** (manuell, elektrisk, reimdrift), **produkt** (helsetrøyer, ullsokkar, undertøy), **gjenstandstypar** (klede, maskiner), **grupper av menneske** (arbeidarar, fabrikkarbeidarar), **plassering i tid og rom** eller **historiske hendingar** (industristadar, tekstilfabrikkar, spinneri, vaskeri, industrialisering). Sjå òg vedlegg om emneord.

På sikt vil slike lister kunne gå inn i dei standardiserte autoritetslistene KulturIT arbeider med, dersom det er interesse for å gjere dette til eit større prosjekt. Ein ting er sikkert: no når dei fleste publiserer samlingane sine på Digitalt Museum vert det endå viktigare å tenkje over kva emneord ein brukar. Emna bør vere gode søkeord, og dei mest populære vert lista opp på venstre sida på nettsida. Slik får brukarane lett tilgang til alle gjenstandar registrert under desse emneorda.

## 4.2 Hovudforslag til endringar i Primus

### Koplingar til relevante dokument:

- Kopling mellom Primus og Asta, for å lettare kunne vise til relevante arkivdokument og oppretthalde koplingane til gjenstandane.
- Moglegheit til å lenkje til ein aktiv vedlikehaldsjournal der ein kan føre reparasjonar, utskifting av delar, overhaling, køyring av maskina, vanlege feil, osv. I skrivande stund ventar vi på resultata av den kommande konserveringsmodulen og FDV-modulen i Primus, og korleis desse ev. kan nyttast i forhold til maskiner. Slik det er i dag, kan ein laste opp ein statisk journal under Referanse til filer. 'Reparasjon', 'Vedlikehald' og 'Restaurering' kunne òg ha vore alternativ under Administrative hendelser. Slik det er i dag har vi 'Konservering', 'Behandling', 'Tilstandsvurdering', og 'Revisjon', og desse dekkjer ikkje heilt det same området.



Tidlegare arbeidar syr på "Levande fabrikk", desember 2011.

### Anna

- Verdivurdering/Status: Maskiner i bruk passar ikkje inn i verdivurderinga i Primus (Status-feltet). Vi ynskjer oss eit alternativ som spesifiserer at gjenstanden er i bruk eller stilt ut, men har høg bevaringsverdi (kan ikkje bytast eller avhendast). Sjølv om det reint praktisk sett er mogeleg å endre desse kategoriane, kjem status-rangeringa i dette feltet frå ei liste som er lagt inn sentralt og tilrådd frå tidlegare ABM-u, som vi vegrar oss for å endre på. Ideelt sett ynskjer vi å kunne skilje mellom maskiner som verkar, ikkje verkar, er i drift eller ikkje, og maskiner ein ser på som delemaskiner.
- Kunne 'Ombygging' vore ei hending under Historikk? Maskiner kan ha blitt bygde om før dei kom til museet. Elles må dette gå inn under kategorien Annet.
- Foto er viktig når ein registrerer denne typen komplekse objekt. For desse er det ikkje alltid like innlysande kvar på maskina t.d. eit detaljbilete er frå. Slik sett hadde det vore nyttig å kunne legge til ein bilettekst på nærbilete av komplekse maskiner.
- Det manglar relevante relasjonar for denne typen gjenstandar under Relaterte objekter – relasjonane verkar i stor grad vere mynta på biletkunst og liknande gjenstandar.

## 5 Teknisk-industrielle samlinger i bruk

### 5.1 Museumsgjenstandar i drift

Det er både fordelar og ulemper ved å køyre maskiner som museumsgjenstandar. Det medfører ein konstant balansegang mellom å halde maskinene og kunnskapen om dei ved like gjennom moderat bruk, og å «bruke dei opp». Ein må heile tida vere obs på slitasje, og ha eit godt reservedelslager til maskinparken. Men å køyre maskinene er også ein god måte å formidle og levandegjere industrielt arbeid – og vise sjølve produksjonen ved det aktuelle industrianlegget. Som industriantikvarie Johanna Engmann skriv i rapporten til konferansen Textilindustrins kulturarv – maskiner och människor:

*Att kunna köra maskinerna är en viktig grund för verksamheten på ett texillhistoriskt museum. Det ger en konkret bild av hur produktionen har gått til, arbetarnas situation och vilken betydelse textilbranschen spelat för industrisamhällets utveckling. Paralleller kan dras till många andra slag av hantverk och industri-grenar, där praktisk visning av tillverkningen ger både mervärde och större förståelse. (2012: 1)*

### 5.2 Planarbeid

I prosjektet har vi arbeidd med ein overordna plan for dei ulike delane av industriminnet Salhus Tricotagefabrik. Dette er ei enkel skisse over planane for disponering av ulike rom med inventar, maskiner, magasinplass, med meir. Tidlegare har dette i mindre grad vore formalisert, og vi har difor gått tilbake i museet si historie og sett på kva vurderingar som har vore gjort tidlegare, og kva tiltak vi ynskjer å setje i verk i tida framover. Dokumentet er noko vi kjem til å arbeide vidare med og bruke som rettesnor i det vidare samlingsarbeidet ved museet.

Som ein del av dette arbeidet har vi gått nærare inn på samlingshistorikken til museet og vedlikehaldsrutinar for maskiner. Dette er eit godt utgangspunkt for vidare arbeid med revisjon av samlingsforvaltningsplan og innsamlingsplan for museet i 2014. Vi har diskutert mykje rundt kva ein ynskjer å oppnå, kva som er mogleg med det personalet vi har tilgjengeleg og korleis vi tek vare på maskinparken. Vi treng betre dokumentasjon av og oversikt over korleis vi prioriterer arbeidet med maskinparken, og difor har vi sett på kva moglegheiter som finst for loggføring.

### 5.3 Autentisitet

Ein kan kanskje spørje seg om det er viktigast å ta vare på gjenstanden eller prosessen på eit industrihistorisk museum. Gjennom ei maskin si levetid på ein fabrikk gjer ein stadig reparasjonar, byter ut delar – kan hende blir maskina ombygd òg. Kva skjer så når den kjem på museum? Viss ein ynskjer å halde drift i maskinene må ein delvis fortsetje denne praksisen i ein museal kontekst.

Slik vi ser det er det å halde maskinene i bruk ein del av misjonen til industriminnet Salhus Tricotagefabrik, samtidig som mange maskiner nødvendigvis vert ståande stille i ulik grad, utstilte som historiske dokument og delar av miljøet i produksjonslokala. Kva mistar ein dersom ein let alle maskinene stå? Verdifull kompetanse, og delar av publikumsopplevinga?

Sjølv om vi på Norsk Trikotasjemuseum ikkje har ein stor produksjon, har vi som overordna mål å halde i drift heile produksjonslinja frå ull til ferdig strikka produkt, og å bruke tekstilane til produkt til museumsbutikken. Dette i seg sjølv er eit utfordrande mål som det ikkje vil bli enklare å nå ettersom avstanden til produksjonsslutt ved Salhus Tricotagefabrik aukar, maskinene står stille og kunnskapen om dei vert vanskelige å få tak i.

Med ein såpass omfattande maskinpark og avgrensa personalressursar, må museet uansett satse på ein kombinasjon av drift og vedlikehald av maskiner, og ein stor maskinpark som står på magasin. Vi er privilegerte i det at det framleis finst aktørar i tekstilbransjen i nærområdet, som Oleana og Hillesvåg Ullvarefabrikk, men må òg kunne stå på eigne bein i å ta vare på kunnskapen om maskinene. Kva er overkommeleg med dei ressursane vi har?



#### 5.4 Vedlikehold og kunnskapsoverføring

Museet demonstrerer eit fast utval maskiner for publikum under omvisingar på i fabrikk, samtidig som mange maskiner står stille eller er magasinerte, anten pga. manglande delar, kunnskap, arbeidskapasitet, for lang stillstand, osv. I motsetnad til mange kulturhistoriske museumsgjenstandar, mistar maskinene mykje av verdien når dei står i ro over lengre tid. På fabrikkar i drift er det viktig å køyre maskinene regelmessig for å halde dei i køyrbar stand. Dette er likevel ikkje heilt eintydig – maskiner kan òg ha høg verdi sjølv om ein ikkje kan køyre dei: som ein del av fabrikkmiljøet ved industriminnet eller grunna spesielle spesifikasjonar som skil dei frå andre maskiner i samlinga.

Sjølingstad Uldvarefabrik er eit anna industriminne som i høgste grad praktiserer vedlikehold gjennom bruk: som museumsfabrikk held dei liv i kunnskapen og sjølve maskinene gjennom ein mindre produksjon. Kunnskapsoverføring og opplæring er heilt essensielt, og museet har arbeidd mykje med tiltak for å unngå at berre ein person sit på kunnskapen om ein prosess. Museet har utarbeidd maskinmanualar til veveriet og spinneriet i samarbeid med Gudbrandsdalens Uldvarefabrik og arbeidd med dokumentasjon i samarbeid med Norsk håndverksinstitutt. Manualane skal både vere eigna for dagleg bruk og i opplærings-samanheng.



Teknisk-industrielle samlingar har eit felles behov for strategiar for å ta vare på kunnskap om maskinene – som i tillegg til tekniske manualar rommar mykje ikkje-formalisert kunnskap som sit i hovudet og hendene til noverande tilsette, eldre frivillige og tidlegare arbeidarar. I denne samanhengen er arbeidet til Sjølingstad Uldvarefabrik verd å merke seg. Samtidig meiner vi meir samarbeid innanfor musea sine tema/industri-greiner kan vere ein veg å gå framover. Som dei to musea som har hovudansvaret for å fortelje historia om den norske tekstilindustrien, har Norsk Trikotasjemuseum og Sjølingstad Uldvarefabrik mykje å vinne på tettare samarbeid og utveksling av kompetanse. Samtidig er det viktig for oss å halde kontakten med den industrien som framleis er i drift på Vestlandet og arbeide for å fremje nettverk på tvers av landegrensene.<sup>1</sup>

#### 5.5 Tilgjengeleg personale

Norsk Trikotasjemuseum har ei fast stilling som maskinteknikar (og ei prosjektstilling på deltid), og vedkomande tek òg del i arbeidet med bygningane. I tillegg til to stillingar på bygg og anlegg, er dette eit absolutt minimum for å kunne halda ved like tekniske installasjonar, produksjonsanlegg og uteområde. For maskinene sin del vil dette seie at vi har ein fagperson som skal dekkje heile produksjonslinja i fabrikk – og samtidig eit mål om å halde drift i heile produksjonslinja. Det seier seg sjølv at dette strekkjer seg ut over kva som er realistisk, og museet søker difor Riksantikvaren om ei ytterlegare stilling som maskinteknikar i 2014.

Med avgrensa arbeidskapasitet til reparasjonar blir vedlikehaldet lett bli styrt av formidlinga ved museet – dei maskinene som står utstilt for publikum og som brukast regelmessig (anten til demonstrasjon eller

<sup>1</sup> Etter konferansen *Textilindustrins kulturarv* (Textilmuseet, Borås 2013) vart Norsk Trikotasjemuseum med i eit nordisk tekstilindustrihistorisk nettverk. Nettverket vart oppretta i 2009, men vart vesentleg utvida på dette møtet. Medlemar pr. januar 2014: **Noreg** - Halden historiske samlinger, Norsk Trikotasjemuseum og Sjølingstad Uldvarefabrik, (Teknisk museum); **Danmark** - Herning museum, Nationalmuseet; **Sverige** - Textilmuseet i Borås, Rydals museum, Norrköpings stadsmuseum, K. A. Almgrens sidenvæveri och museum; **Finland**: Museum Centre Vapriiki. På sikt håpar vi det kan føre til samarbeidsprosjekt og tiltak for å utveksle terminologi, maskinformasjon og -kompetanse. Tekstilindustrien er internasjonal, og ein burde kunne samarbeide om m.a. gjenbruk av informasjon og felles omgrepsbruk.


produksjon) får gjerne best behandling. Vedlikehald av desse vert utført ved behov, og dei smørjast jamleg. Andre maskinar maskinene har andre rutinar: vi har nyare strikkemaskiner som må startast opp kvar veke for å ikkje miste programmeringa, og andre som treng smørjing fleire dagar før dei vert sette i gang.

Tida som er att blir mellom anna brukt til større overhalingar av andre maskiner (reingjering av viktige delar så maskina kan setjast i gang), og større prosjekt som setje i stand kardeverk, selfaktor og ringspinnemaskin. Med ei stor maskinsamling er det nok ikkje til å unngå at maskinene som brukast i formidling og utstilling får mest merksemd, men vi ynskjer å sjå nærare på korleis vi brukar tida som er att, og vil difor arbeide med betre dokumentasjon av arbeidet vårt med maskinparken. Betre dokumentasjon på dette området er òg eit viktig mål i seg sjølv.

## 5.6 FDV i Primus

I 2013 har KulturIT arbeidd med å utvide bygningsmodulen i Primus til ein forvaltning, drift og vedlikehaldsmodul i samarbeid med Kulturrådet og ei prosjektgruppe med utvalde museum. Hovudmålet med modulen er ein overgang frå papir- og fotobasert loggføring til ei digital løysing i Primus – å gjere Primus Bygning til ein felles inngang til all dokumentasjon av arbeid med antikvariske bygningar.

Norsk Trikotasjemuseum har vore i dialog med KulturIT om utviklinga av denne modulen, men har ikkje vore ein del av spleiselaget som låg til grunn for prosjektet. Dette prosjektet er framleis pågåande, og vi ser fram til å sjå kva resultat av det. Modulen vil først og fremst vere mynta på bygg, men kan tenkjast å ha overføringsverdi til f.eks. industrimaskiner. Den komande konserveringsmodulen i Primus er òg interessant i så måte.



T.h.: vedlikehaldslogg på vev, Sjølingstad Uldvarefabrik. T.v.: trøying av sokkemaskin, Norsk Trikotasjemuseum.

## 5.7 Loggføring

På sikt ynskjer museet å ta i bruk ei heilt enkel databasert loggføring der ein kan leggje inn tekst og foto for ulike reparasjonsprosjekt, men slik stoda er i dag ser vi det som mest sannsynleg at vi vil ta i bruk enkel papirbasert dokumentasjon av reparasjonar og større overhalingar på ein meir systematisk måte enn før. Vi byrjar med fotodokumentasjon og enkle vedlikehaldsskjema for kvar maskin (sjå vedlegg) og vil leggje inn meir utfyllande tekst i dei kvartalsvise rapportane til museumsleiinga og styret. Dette er vesentleg for å synleggjere arbeidet som vert gjort med maskinparken og gjenstandens «liv» på museet, og for å få oversikt over val og prioriteringar – både for vår eigen del og for ettertida.

Sjølingstad Uldvarefabrik brukar òg manuell loggføring av reparasjonar, i form av notatbøker festa på kvar maskin. Museet tek sikte på å leggje inn større reparasjonar og kva/kor mykje maskinene produserer, i Primus. Dette vil gjere registreringane meir fyldige, men verken Norsk Trikotasjemuseum eller Sjølingstad ynskjer å ta i bruk Primusbasert loggføring av det daglege vedlikehaldet med det første. Vi treng ei løysing som er praktisk, enkel og rask å gjennomføre, og slik systemet er i dag er det ikkje eit realistisk alternativ. Her kan også personleg datakyndigheit spele ei rolle, og skilnader mellom ulike arbeidsgrupper på museet – som spenner frå dei meir praktisk innretta til akademikarar med stor sans for skjema og skriftleggjing.



## 6 Teknisk-industrielle samlingar i kontekst

### 6.1 Prioritering og verdivurdering

Verdivurdering av maskiner som er i drift skil seg frå verdivurdering av gjenstandar som ikkje er i bruk. Maskinene mistar mykje av verdien sin dersom dei blir ståande i ro, då dei forfell lettare på denne måten. På fabrikkar i drift er det viktig å køyre maskinene regelmessig for å halde dei i stand. Dette skiljet kjem ikkje fram i Primus, der gjenstandar i bruk eller utstilling automatisk blir tildelt lågare verdi.

I denne delen av prosjektet har vi teke utgangspunkt i ulike modellar som finst for å vurdere den historiske verdien til museumsgjenstandar, og prøvd desse ut på eiga samling. Om mogeleg er det ynskjeleg med mest mogleg felles praksis på desse områda, og utprøvingar av utanlandske verktøy for samlingsforvaltning (som SPECTRUM, Significance) i norske museum er slik sett ein veg å gå.

Nokre ting er likevel annleis i teknisk-industrielle museumssamlingar. Gjenstandane er gjerne masseproduserte og finst mange stadar i verda, og maskiner som er i bruk vert gjerne haldt betre ved like – dette er diametralt motsett av «vanlege» museumsgjenstandar. Men gjenstanden kan òg ha høg bevaringsverdi sjølv om den ikkje er i bruk. Nokre sentrale spørsmål i arbeid med verdivurdering av teknisk-industrielle gjenstandar, kan vere:

- Alder
- Proveniens/kontekst
- Er den ein opphavleg del av fabrikkmiljøet/produksjonslinja ved industriminnet?
- Unik i Noreg?
- Unik i ein viss type industri, eller er det ei mykje brukt maskin generelt?
- Kan den stillast ut?
- Er den i god teknisk stand?
- Krev den store ressursar til restaurering før den kan visast for publikum?
- Kan den køyrast/setjast i gang?
- Har den blitt bygd om/endra, eller har andre tekniske spesifikasjonar som skil den frå dei andre maskinene i samlinga?



## 6.2 Significance: Kvifor – og korleis – er samlingane våre viktige?

*Significance means the historic, aesthetic, scientific and social values that an object or collection has for past, present and future generations (...) it incorporates all the elements that contribute to an object's meaning, including its context, history, uses and its social and spiritual values. When you consider this information you can draw informed conclusions about why an object is significant. Significance is not fixed—it may increase or diminish over time. (Significance – A Guide, 11)*

I denne delen av prosjektet har vi samarbeidd med Haugalandmuseene avd. Karmsund Folkemuseum, som i 2012 gjennomførte prosjektet *Prioritering av samlingene*. I prosjektet såg museet på ulike måtar å vurdere museumssamlingars mening og kulturhistoriske verdi med utgangspunkt i det engelske omgrepet *significance*. Tanken var å bruke slike vurderingar til å gradere samlingane og slik gjere det lettare å prioritere mellom anna magasinplass og konserveringsressursar.

*Significance* som metode handlar om ein grundig gjennomgang av livet til ein gjenstand før og etter at den kom på museum. Ein studerer gjenstanden og all tilgjengeleg informasjon om den og kontaktar folk som kan ha kunnskap eller meiningar om den. Kvifor og korleis er den viktig, og for kven? Konklusjonen av dette arbeidet munnar ut i det som på engelsk vert kalla eit *Statement of Significance*.

Prosjektrapporten til Karmsund Folkemuseum er ein god introduksjon bruk av metoden til revisjon av samlingar. I prosjektrapporten peikar museet på at «hovedvekten av arbeidet innen samlingsforvaltning de siste årene i Norge har hatt fokus på å få oversikt over samlingene, på helt nødvendige vurderinger av tilstand- og sikringsbehov». Vurdering av kulturhistorisk verdi har vore ein del av ulike prosjekt, men er enno ikkje ein integrert del av forvaltninga ved mange museum i Noreg (Vie 2013). Enno heng vi litt att i tendensen til å vurdere alle inntak til museets samlingar som kategori 1 i Primus: «Vanlig tilvekst, høy bevaringsverdighet. Kan ikke byttes eller avhendes.»

Det at dei andre kategoriane i Primus knapt er i bruk, og seier lite om kvifor gjenstanden er viktig, peikar kanskje òg mot at desse er modne for revisjon. Også i Museumssenteret i Hordaland ein hatt fokus på Revita-prosjekt og å få grunnleggjande oversikt over samlingane. Norsk Trikotasjemuseum har ei langt kortare historie som museum enn våre kollegaer i Haugesund, og har mykje som står att når det gjeld katalogisering. I starten av dette prosjektet var ingen av maskinene i maskinparken registrert i Primus – i staden har ein brukt lister i Word. Noko av oppgåva vår i dette prosjektet blei difor å sjå korleis det fungerte å bruke *Significance* som verktøy til å vurdere stort sett ukatalogiserte industrigjenstandar.

### 6.21 Ulike variantar

For Haugalandmuseene fall hovudvekta på den australske *Significance 2.0*-metoden, då dei konkluderte med at denne passa museet og samlingane deira best. *Significance 2.0* er ei grundig kvalitativ vurdering som munnar ut i ein tekst som forklarar kvifor ein aktuell gjenstand, samling eller delsamling er viktig, utvikla av Collections Council i Australia. Versjon 2 gjekk i trykken i 2009, og sidan då har det komme til fleire variantar som byggjer på den australske modellen. Blant dei er engelske Renaissance East Midland Museums' (REM) *Reviewing Significance 2.0* – som er meir kvantitativt retta og også inneheld ei vurdering av oppbevaring, tilstand og sikring av gjenstandane (*Collections Review Process*). Ein tredje variant er den walisiske *Why Do We Have It?*, som tek utgangspunkt i dei to føregåande modellane.

Felles for alle er eit ynskje om å etablere ein modell med faste rammer for å vurdere kva vi har, kvifor vi har det og korleis det er viktig. Kriteria og vurderingane ein gjer er ikkje objektive – det vil alltid vere eit element av skjønn med i biletet, og vurderingane vil kunne endre seg og oppdaterast over tid. Med gode verktøy og kriterium for å vurdere enkeltgjenstandar/samlingar vert det enklare å gjere gode prioriteringar i arbeidet med samlingsforvaltning. Dette kjem om mogleg til å bli endå viktigare i åra som kjem. Ved å etterlate oss gode skriftlege vurderingar for avgjerdene vi tek, sikrar vi god dokumentasjon og at dei er sporbare for ettertida.

## 6.2.2 Våre utprøvingar

I vårt prosjekt har vi bygd vidare på det arbeidet Haugalandmuseene har gjort, og sett på metodar for å vurdere korleis og kvifor teknisk-industrielle samlinger er verdifulle og viktige. Då vi sette i gang med prosjektet var tanken bak at vi ynskte å formulere eigne verdivurderingskriterium for teknisk-industrielle samlinger, ut frå ein tanke om at våre samlinger trong heilt eigne vurderingskriterium. I ettertid ser vi at fleire av *Significance*-modellane er såpass tilpassingsdyktige til ulike temasamlingar at det gjev god mening å bruke dei på våre samlinger. Difor har vi justert målsetjinga vår i prosjektet til å prøve ut denne metoden på teknisk-industrielle museumssamlingar – heller enn å etablere eigne verdivurderingskriterium.

I arbeidet med å prøve desse metodane har vi fotografert dei gjenstandsgruppene og nummerert fotografia etter gjenstandsnummer – dei ukatalogiserte har fått tilvekstnummer. Det vore viktig å ha eit godt oversiktsskjema over gjenstandane når ein arbeider med større gjenstandsgrupper, og gjerne inkludere ei enkel tilstandsvurdering i dette skjemaet. Ein bør unngå å gjere gruppene for store – dette for å unngå at vurderingane vert for generelle, og gjere det lettare å halde oversikt. Grundige vurderingar som desse vil vere nyttige i mellom anna revisjonsprosjekt, i prioriteringar av materiale for digitalisering – og katalogisering, i vårt tilfelle. Konklusjonen i eit *Significance statement* bør òg peike ut vegen vidare for denne gjenstanden/samlinga gjennom konkrete tiltak.

## 6.2.3 Oversyn over dei ulike Significance-variantane

### [Significance 2.0](#)

(Australia: Commonwealth of Australia 2010)

Ei tekstbasert, grundig kvalitativ vurdering av museumsgjenstandar og samlinger. Denne er grundig og god, og resulterer i ein fyldig tekst om den aktuelle gjenstanden/samlinga, men gjev ingen form for gradering av dei ulike gjenstandane i forhold til kvarandre. Som Karmsund Folkemuseum har påpeikt, legg denne metoden mindre vekt på formidlingsverdi (sjølv om det kan tolkast inn i det siste komparative kriteriet. Sjølv om ei slik skriftleg vurdering går raskare etter kvart som ein kjem inn i det, oppfattar vi denne metoden som noko omstendeleg.

Vurderinga tek utgangspunkt i ei ti-punkts liste for å gjennomgå ein gjenstand eller samling:

#### 1. Samle all informasjon om gjenstanden

Kva kjelder har vi: internt, eksternt, munnleg, på nett, osv.

#### 2. Studer og beskriv gjenstanden si historie

- før og etter den kom på museum

#### 3. Kontakt folk med kunnskap om den

- givarar, eigarar, andre. Kven er den viktig for?

#### 4. Utforsk konteksten

sjå gjenstanden i forhold til tidsperioden, geografisk plassering, funksjon, bruk, osv.

#### 5. Beskriv gjenstanden

utsjånad, utforming, materiale og tilstand

#### 6. Samanlikn den med andre liknande gjenstandar

kor mange eks. finst på museet? På andre museum / Digitalt Museum? Er eksemplara like/ulike?

#### 7. Identifiser relaterte gjenstandar og stadar

- gjenstandar som var del av same aksesjon, bruksstaden, osv.

#### 8. Vurder gjenstandens verdi ut frå primærkriteria og dei komparative kriteria (sjå neste side)

#### 9. Samanfatt og grunngje verdivurderinga i lys av informasjonen ovanfor (*Statement of Significance*).

Korleis og kvifor er gjenstanden viktig? Grunngje prioritering av nokre gjenstandar over andre.

#### 10. Tiltak

Kva gjer vi no? Vurder kva tiltak som bør gjennomførast i forvaltninga av gjenstanden.

Under viser vi til dei primære og komparative kriteria i *Significance 2.0*, omsett av Karmsund Folkemuseum:

### Primærkriterier

Med bakgrunn i informasjonen fra de andre punktene skal man beskrive samlingens betydning ut fra følgende verdier. Disse kriteriene kan brukes både på enkeltobjekter og samlinger.

#### Historisk verdi

- Er den knyttet til en bestemt person/gruppe, hendelse, sted eller aktivitet, og hvorfor er dette viktig?
- Hva forteller den om en historisk epoke?
- Hvordan bidrar den til å forstå en periode, aktivitet, sted, industri, person eller aktivitet

#### Kunstnerisk eller estetisk verdi

- Er den godt laget?
- Er den et godt eksempel på en stil, design, kunstnerisk epoke eller en kunstners verk?
- Er den originalt eller innoverende i sin design?
- Er den vakkert, tiltalende eller velformet?
- Viser det en høy grad av kreativ eller teknisk gjennomføring?
- Avbilder det noe eller noen av interesse eller betydning?

#### Forsknings- eller vitenskapelig verdi

- Har forskere aktiv interesse i objektet/samlingen i dag, eller vil det kunne bli av interesse?
- Hvordan er det av interesse for forskning i dag og i fremtiden?
- Har den forskningspotensiale, og på hvilken måte?
- Konkret hva er det som utgjør dens forskningsverdi?

#### Sosial eller åndelig verdi

- Er den av særskilt verdi for en gruppe i dag, og hvorfor?
- Hvordan inngår tilknytningen til objektet/samlingen i den bestemte gruppens aktiviteter?
- Har gruppen blitt forespurt om objektets/samlingens mening for dem?
- Er det/har det vært av åndelig verdi for noen?
- Rommer objektet/samlingen overtro, ideer, skikker, tradisjoner eller historier som er viktig for en bestemt gruppe?

### Komparative kriterier

Ved å beskrive de fire verdiene har man også beskrevet gjenstandens eller samlingens betydning. Følgende fire kriterier må deretter vurderes for å bestemme graden av betydning. Her kan hvert enkelt objekt i samlingen vurderes, eller samlingen i sin helhet.

#### Proveniens

- Er objektet/samlingen godt dokumentert i forhold til sin gjenstandsgruppe?
- Hvem lagde, eide og brukte den?
- Er dens opprinnelse kjent?
- Er det en kjede av eierskap?
- Er proveniensen troverdig?
- Hvordan former proveniensen objektets/samlingens betydning?

#### Sjeldenhet/representativitet

- Har den sjeldne kvaliteter som skiller den fra andre objekter i denne gjenstandsgruppen?
- Er det et sjeldent eller spesielt fint eksemplar av sin type?
- Er det enestående, unikt eller truet?
- Er det et godt eksempel på denne typen objekter/samlinger?
- Er det typisk eller karakteristisk?
- Er det spesielt godt dokumentert i forhold til lignende objekter?

#### Tilstand og kompletthet

- Er tilstanden god i forhold til lignende objekter/samlinger?
- Er den intakt eller komplett?
- Er reparasjoner, endringer eller bruksspor synlige?
- Virker det?
- Er tilstanden original og uendret?

#### Underbyggelse av musets formål

- Hvordan er objektet/samlingen relevant for museets formål, mål, samlingspolitikk og programmer?
- Har noen objekter en spesiell stilling i samlingen i relasjon til andre objekter?
- Hjelper det å tolke aspekter av deres plassering og kontekst?



## Reviewing Significance 2.0

(England: Caroline Reed 2012 / Renaissance East Midlands (REM) 2010)

*Reviewing Significance* er ein kombinasjon av kvalitativ (*Significant statement*, tekstbasert) og kvantitativ (talbaserte skjema med kommentarfelt) vurdering der ein både endar opp med ein tekst og talfesta vurderingar. Modellen skal vere ein enkel måte å identifisere delar av samlinga som treng spesiell merksemd. Ved hjelp av Excel-ark med trafikklys-fargekodar vert raude tal enkle å få auge på. Oversiktsskjemaet gjev eit raskt overblikk, men det er litt vanskelegare for andre å spore *tankegangen bak tala* i ettertid, enn i den tekstbaserte vurderinga. Når det er sagt, finst det eigne notatfelt i skjemaet, og eit *eige skjema for notatar* dersom ein ikkje får plass på arket.

USAGE GRID – Reviewing Significance 2.0 ©Caroline Reed Remember: The Usage Grid requires that you apply the highest rating that could be applied to any single item within the		
A POPULAR APPEAL / MARKETABILITY	B SUPPORTS LEARNING	C ENQUIRY /
IN COLUMNS A-D TRY TO CONSIDER POTENTIAL AS WELL		
0 UNKNOWN Not known Requires research - possibly with input from internal / external groups & individuals	Not known Requires research - possibly with input from internal / external groups & individuals	Not known Requires research external groups
1 VERY HIGH <ul style="list-style-type: none"> <li>Of high local / regional / national / community specific / media interest</li> <li>Acquired / preserved with public support</li> <li>Strongly identified in the public's mind with our museum</li> <li>Of known high importance to our users</li> <li>Regularly selected for exhibitions / interpretation / outreach</li> <li>Stimulates strong personal / associative response</li> <li>Stimulates discussion / enquiries</li> <li>Used to support marketing</li> <li>Featured on website</li> <li>Focal point of permanent / temporary exhibition</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Regularly selected for use in our learning programmes</li> <li>Currently used or has clear potential to support:                             <ul style="list-style-type: none"> <li>Key outcomes from our museum's learning strategy</li> <li>National Curriculum</li> <li>Educational use of other objects from our collections</li> <li>Undergraduate teaching / project work</li> <li>Adult, family or intergenerational learning</li> <li>Interdisciplinary teaching &amp; learning</li> </ul> </li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Rare, unique</li> <li>Cited in relevant publications</li> <li>Part of identified academic / research enquiries</li> <li>Regularly used in enquiries</li> <li>Clear potential</li> <li>Collected as</li> </ul>
2 HIGH <ul style="list-style-type: none"> <li>Of known local / regional / national / community specific interest</li> <li>Engages interest &amp; stimulates discussion / enquiries</li> <li>Valuable for interpreting / representing our museum's collections</li> <li>Has been used for exhibitions / interpretation / outreach</li> <li>Could be used to support marketing</li> <li>Shown on website</li> <li>Of known importance to our museum's users</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Has been used to support learning in the past</li> <li>Has clear potential to support:                             <ul style="list-style-type: none"> <li>Specific outreach &amp; learning activities</li> <li>Educational use of other objects from our collections</li> </ul> </li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Only examples</li> <li>Good or excellent</li> <li>Unusual / interesting</li> <li>Occasionally</li> <li>Occasional enquiries</li> <li>Likely potential</li> <li>Collected as</li> </ul>

C VISUAL & SENSORY IMPACT		
1 KEY POINTS	C1	•
2 NATIONAL / INTERNATIONAL	C2	•
3 REGIONAL (E MIDS) / CROSS REGIONAL	C3	•
4 LOCALLY SPECIFIC	C4	•
5 COMMUNITY	C5	•
6 ORGANISATIONALLY OR SITE SPECIFIC	C6	•
ASSESSMENT SUMMARY		

D CONDITION / COMPLETENESS		
KEY POINTS	D1	•
2 NATIONAL / INTERNATIONAL	D2	•
3 REGIONAL (E MIDS) / CROSS REGIONAL	D3	•
4 LOCALLY SPECIFIC	D4	•

*Reviewing Significance 2.0: T.h.: Utsnitt frå støtteark med spørsmål til å vurdere gjenstandars bruksverdi, t.v: Utsnitt frå Significance Statement: Alle vurderingar blir gjort ut frå nasjonal, regional, lokal (osb.) verdi.*

Denne modellen legg gjennomgåande vekt på å vurdere nasjonal, regional og lokal verdi. Dette meiner vi er vere nyttig å vere medviten om, men vår erfaring er at det kan bli ein del tomme felt, då det er vanskeleg å argumentere for alle vurderingane ein gjer i eit lokalt, regionalt og nasjonalt perspektiv. Modellen har òg eit eige skjema for å vurdere sikring/oppbevaring og tilstandsvurdering.

## Why do we have it?

(Wales: CyMAL: Museums Archives and Libraries Wales 2013)

*Why do we have it* skil mellom to ulike nivå av verddivurdering alt etter kor grundig ein går inn i materialet. Modellen er elles ein kombinasjon av dei to føregåande som også tek med maskiner i bruk i skjemaet, og nyttar teknologisk verdi som eitt av primærkriteria. Ein endar opp med ei talfesta verddivurdering frå 1A–7D, og deler inn samlingane i kjerne- og støttesamlingar. Her vurderer ein tilstand frå A–D (good–fair–poor–very poor), og talrekka 1–7 kor viktig ein meiner gjenstanden er (1–4: Viktig internasjonalt–nasjonalt–regionalt–lokalt, og 5–7: reproduksjon–formidling/bruk–rekvisitt):

Her er tanken at ein skal kunne gå gjennom heile samlinga meir overflatisk, og setje ein foreløpig verdikode frå 1A–7D, og så gå inn og gjere grundigare vurderingar av enkelte gjenstandar (for f.eks. å underbygge ei påstand om at ein gjenstand har nasjonal eller internasjonal verdi, eller i samband med revisjon av samlinga).

Dette er eit fint skjema som verkar overkommeleg å arbeide med. Ein gjennomgang av heile skjemaet (*full significance assessment*) blir her ein argumentasjon for den tal/bokstavkoden ein vel å gje gjenstanden/samlinga. Det er litt knotete å skrive mykje tekst i eit Excel-ark, så vi har sett det inn i eit Word-dokument. Her har vi tilpassa skjemaet noko, då vi meiner det har litt for mange ja/nei-spørsmål som ikkje oppmodar til refleksjon i tilstrekkeleg grad. Jamt over verkar denne modellen grei å bruke, men det kan vere greit å ha dei





		1	2 UK or Wales	3	4	5	6	7
		<b>Internationally Important:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Aesthetically</li> <li>• Artistically</li> <li>• Historically</li> <li>• Scientifically</li> <li>• Socially</li> </ul>	<b>Nationally Important:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Aesthetically</li> <li>• Artistically</li> <li>• Historically</li> <li>• Scientifically</li> <li>• Socially</li> </ul>	<b>Regionally Important:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Aesthetically</li> <li>• Artistically</li> <li>• Historically</li> <li>• Scientifically</li> <li>• Socially</li> </ul>	<b>Locally Important:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Aesthetically</li> <li>• Artistically</li> <li>• Historically</li> <li>• Scientifically</li> <li>• Socially</li> </ul>	Replicas	Education / handling importance	Set dressing
A	Condition: good	Security: high Access controlled	Security: high Access controlled	Security: high Access controlled	Security: high Access controlled	Security: medium Refer to handling guidelines for access Conservation priority: low	Security: medium Refer to handling guidelines for access Conservation priority: low	Security: low
B	Condition: fair	Security: high Access controlled Conservation priority: high	Security: high Access controlled Conservation priority: high	Security: high Access controlled Conservation priority: high	Security: high Access controlled Conservation priority: high	Security: medium Refer to handling guidelines for access Conservation priority: low	Security: medium Refer to handling guidelines for access Conservation priority: low	Security: low
C	Condition: poor	Security: high Access controlled Conservation priority: high	Security: high Access controlled Conservation priority: high	Stabilise with preventive conservation methods Conservation priority: medium	Stabilise with preventive conservation methods Conservation priority: medium	Dispose?	Dispose?	Dispose?
D	Condition: very poor	Security: high Access controlled Conservation priority: high	Security: high Access controlled Conservation priority: high	Stabilise with preventive conservation methods Conservation priority: medium	Stabilise with preventive conservation methods Conservation priority: medium	Dispose?	Dispose?	Dispose?
		Core collection	Core collection	Core collection	Core collection	Support	Support	Support

Key	
	Undertake a full significance assessment to support the claim
	Undertake a full significance assessment when there is a need i.e. for funding bid, collection review, disposal etc
	Undertake a full significance assessment to collate evidence for disposal
	No assessment likely to be required unless circumstances change

Why Do We Have It? Grunnleggande verdivurderingsmatrise (CyMAL: Museums Archives and Libraries Wales 2013).

utfyllende spørsmål frå den australske varianten av Significance (2.0) i bakhand som støttespørsmål.

Med *Why Do We Have It?* og *Reviewing Significance 2.0* nærmar ein seg ei gradering av samlingane: tekstvurderinga munnar både ut i ei utsegn om kvifor og korleis ein gjenstand er viktig, men òg ein talverdi. Forfattarane av *Why Do We Have It?* argumenterer for at ei slik vurdering kan gjerast på førehand – og reviderast i etterkant av — utforminga av eit *Statement of Significance*. Kategoriseringa i *Why Do We Have It?* går først og fremst på å vurdere om gjenstanden er ein del av kjernesamlinga eller støttesamlinga til museet (som ein reproduksjon, rekvisitt eller først og fremst er tenkt til bruk og formidling). Slik vi ser det bør ikkje gjenstandar som er i bruk nødvendigvis plasserast i kategori 6 – berre dersom ein hovudsakleg meiner verdien deira ligg i å vere bruksgjenstandar eller hjelpemiddel i formidlinga. Deretter er kategoriane basert på geografi/kontekst – ein fastset om gjenstanden er viktigast internasjonalt, nasjonalt, regionalt eller lokalt. Her presiserer forfattarane likevel at dette ikkje treng sjåast på som ei gradering: «It is important to note that a collection that is locally significant does not necessarily hold less value than a collection that is nationally significant, as the collection may be hugely relevant to local users» (CyMAL 2013, 13). Talvurderinga ein endar opp med i *Reviewing Significance 2.0*, på si side, vert ei oversikt over gjenstandens «poengsum» i ulike kategoriar (forskings- og formidlingspotensiale, tilgjengelegheit, kulturhistorisk verdi, 'popularitet' og tilstand, dokumentasjon, oppbevaring m.m.) i tillegg til den tekstlege vurderinga.

Vurderingar på mange ulike nivå ligg til grunn for desse metodane, og ingen av Significance-modellane endar opp med ei enkel kategorisering av kulturhistorisk verdi frå frå 1-4. Det er den tekstbaserte «konklusjonen» ein skriv i eit *significance statement* som veg tyngst, og tiltaka museet tilrår ut frå denne. Teksten er ein god dokumentasjon av museets val og vurderingar, og kan hjelpe oss å vurdere gjenstanden sin plass i heilska-

pen og museets sine mål og i kva grad den bør prioriterast. På eit museum basert på eit nedlagd industriannlegg er nettopp heilskapen og miljøet ofte minst like viktig som enkeltgjenstandane i det. *Significance* kan òg hjelpe oss å tenkje meir medvite om museet sitt ansvarsområde, og sjå gjenstandane meir systematisk i ein større kontekst. Vår erfaring er at *Significance*-metodar fungerer godt, òg på ukatalogiserte gjenstandar, sjølv om det tek noko lengre tid å hente inn informasjonen når ein startar på berr bakke. Når det er sagt, er ei slik vurdering eit svært godt grunnlag for seinare katalogisering. Tidsbruken gjer det likevel avgjerande å gjere gode utval av kva ein ynskjer å vurdere.

## 6.2.4 Korleis bruke Significance?

Samla sett meiner vi dette er ein god måte samle informasjon om, og blir meir medviten om samlingane sin verdi, mening og kontekst, som kan nyttast med fordel i mange samanhengar. Likevel er det ikkje til å komme vekk i frå at denne typen arbeid er svært tidkrevjande, og tidvis har verka som eit overskotsprosjekt det ville ha vore vanskelegare å gjennomføre i utstrekkt grad i det daglege arbeidet i eit museum på vår storleik. Difor meiner vi det er avgjerande å sjå på korleis ein kan integrere *Significance* i nettopp dette arbeidet. Australske Heritage Collections Council har her fleire gode forslag:

- Gjer det til ein del av aksesjonsrutinane ved museet: for å få betre dokumenterte gjenstandar, og lettare kunne ta ei godt grunnlagt avgjerd om inntak eller avslag som kan formidlast til givaren. Eitt alternativ er å gjere ei kort *Significance*-vurdering som eit eige felt på aksesjonsskjemaet.
- Set konkrete mål for å få betre dokumentasjon av gjenstandane ein allereie har: Avgjer kor mange grundige *Significance*-vurderingar ein ynskjer å få gjort i løpet av eit år (for eksempel 5 stk.).
- Bruk metoden til å vurdere verdien av heile samlinga under eitt, og bruk det som innleing til museets samlingsplan/retningslinjer.
- Vurder nokre av dei viktigaste gjenstandane i samlinga, eller dei ein ofte viser til publikum.
- Vel nokre gjenstandar som representerer hovudtemaa i samlinga, og vurder desse. Bruk dei som ein del av samlingsplanen for å illustrere breidda og temaa i samlinga.
- Bruk den som ein grundig gjennomgang av gjenstandar ein vurderer å kassere, i forkant av konserverings/restaureringsarbeid, eller som ein del av eit flytte- eller revisjonsprosjekt. (Foster et.al., 65–68)

## 7 Møte og seminar

I løpet av den første prosjektperioden (vår 2011 til haust 2012) arrangerte vi to arbeidsseminar forankra i nettverk for arbeidarkultur og arbeidslivshistorie, nettverk for teknikk- og industrihistorie og dei 14 teknisk-industrielle kulturminna. Her diskuterte vi mellom anna tilstand og registreringspraksis ved dei ulike musea, felles utfordringar i å ta vare på kunnskap og på maskinene reint fysisk, og verdivurdering av denne typen gjenstandar.

Vi har presentert arbeidet i prosjektet på nettverksmøte i 2011 og 2012, og hatt fleire møte med Karmsund Folkemuseum i samband med deira verdivurderingsprosjekt, Prioritering av samlingene. I 2012 deltok vi på konferansen Textilindustrins kulturarv – maskiner och människor i Borås i Sverige. Deltakarane på konferansen var nordiske tekstilindustrimuseum, og overføring av kompetanse var eitt av hovudtemaa. I 2013 var deltok vi på kurset Det relevante museet i regi av Kulturrådet, Norsk Museumsforbund, Norsk Folkemuseum, Nasjonalmuseet og Museene i Sør-Trøndelag (MiST). Prosjektet har òg blitt presentert og drøfta internt i samlingsforvaltningsgruppa ved Museumsenteret i Hordaland ved fleire høve. Vi har òg brukt prosjektbloggen forvaltindustri.wordpress.com og Facebook-gruppa Forvaltning av teknisk-industrielle samlinger som ein kommunikasjonskanal ut til samarbeidspartnarane våre.



Øvst f.v.: Møte på Sjølingstad Uldvarefabrik, besøk på maskinavdelinga på Textilhögskolan i Borås, omvisning på Rydals museum.



### Nettverksmøte

Nettverk for teknikk og industrihistorie, nettverk for arbeidarkultur og arbeidslivshistorie  
Forsvarets Flysamlinger / Akershusmuseet, mars 2011

Presentasjon av prosjektet

### Oppstartsseminar

Norsk Kulturråd, Oslo, 27. april 2011

Deltakende institusjonar: Norsk Kulturråd, Akershusmuseet, Nord-Jarlsbergmuseet / Vestfoldmuseene IKS, Lommedalsbanen / Akershusmuseet, Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum, Norsk Skogmuseum, Norsk Teknisk Museum, Norsk Telemuseum.

Tema: registrering av teknisk-industrielle samlinger, digitale forteljingar i samlingsforvaltning og dokumentasjon.

### Arbeidsmøte

Haugalandmuseene avd. Karmsund Folkemuseum, Haugesund, februar 2012

Tema: emneord og verdivurdering/prioritering

### Konferanse

Textilindustrins kulturarv – maskiner og människor.

Nordisk konferens om framtidige utmaningar med fokus på kompetensöverföring.

Textilmuseet, Borås, Sverige, 12.–13. mars 2012

Tema: kompetanseoverføring av spesialkunnskap og drift av eldre tekstilmaskiner på tekstilindustrimuseum

### Nettverksmøte i nordisk tekstilindustrihistorisk nettverk

Textilindustrins kulturarv – maskiner og människor.

Nordisk konferens om framtidige utmaningar med fokus på kompetensöverföring.

Textilmuseet, Borås, Sverige, 13. mars 2012

Tema: auka samarbeid og nettverk mellom nordiske tekstilhistoriske museum.

### Arbeidsmøte

Norsk Trikotasjemuseum, Salhus, 27.–28.mars 2012

Deltakende institusjonar: Akershusmuseet, Klevfos Industrimuseum / Norsk Skogmuseum, Orkla Industrimuseum, Norsk Grafisk Museum / Museum Stavanger, Norsk Sagbruksmuseum / Museet Midt, Norsk Vasskraft og Industristadmuseum, Sjølingstad Ullvarefabrikk / Vest-Agder Museet

Tema: registreringsproblematikk og emneord, verdivurdering og bruk av maskiner.

### Nettverksmøte

Nettverk for teknikk og industrihistorie, nettverk for arbeidarkultur og arbeidslivshistorie  
Norsk Teknisk Museum, 1. juni 2012

Tema: presentasjon av prosjektet, registrering og emneord

### Arbeidsmøte

Haugalandmuseene avd. Karmsund Folkemuseum, Haugesund, 6.september 2013

### Konferanse

Det relevante museum

Rica Nidelven, Trondheim, 7.–11. oktober 2013

Tema: dokumentasjon; rutinar og plandokument

### Arbeidsmøte

Vest-Agder museet avd. Sjølingstad Uldvarefabrik, 2.desember 2013

Tema: vedlikehald og vern gjennom bruk

## 8 Oppsummering

Arbeidet med prosjektet *Forvaltning av teknisk-industrielle samlingar* har gitt oss mange gode diskusjonar både internt i museet og i dialog med andre industrimuseum. Vi har fått løfta fram mange viktige problemstillingar som vi vil arbeide vidare med i åra som kjem, og håpar at våre løysingar òg kan ha overføringsverdi til andre norske industrimuseum. Vi har knytt kontaktar som vi håpar å oppretthalde i åra som kjem, og kome eit langt steg vidare i forvaltninga av maskinparken vår. Erfaringane frå prosjektet vil vi ta med oss vidare inn i arbeidet med samlingsplan og inntaksplan for Museumssenteret i Hordaland i 2014/15.

Prosjektet har gitt oss eit meir medvite forhold til forvaltning og dokumentasjon av maskinene vi tek vare på, og rom til å fokusere på betre rutinar for inntak og forvaltning av teknisk-industrielle samlingar. Her har vi framleis ein veg å gå når det gjeld å fastsetje og formalisere gode arbeidsrutinar, ikkje minst når det gjeld rutinar for dokumentasjon av eige arbeid. Vi har komme eit godt stykke på veg i å registrere maskinparken, og denne byrjar å bli synleg på nett. Vi har eit overordna mål om å få registrert heile maskinparken, men vil først og fremst prioritere registrering av den delen av den som står utstilt (om lag 1/3) i åra som kjem.

Å ta tak i registrering og *Significance*-vurdering av ei stort sett ukatalogisert samling har tidvis vore ei utfordring. Det er vanskeleg å vurdere gjenstandar opp mot kvarandre utan å ha oversikt over samlinga ein har føre seg, og *Significance* som metode krev vesentleg research-arbeid i ei samling som vår. Men sjølv om det er tidkrevjande, meiner vi metoden kan spele ei viktig rolle i å samle inn og systematisere kunnskapen og histori(ene) som finst i gjenstandane, hos givarane og i institusjonen, og gjere ein meir medviten på kva ein har. Vi trur det vil vere ein fordel å integrere vurderingar basert på *significance* inn i museet sine rutinar for inntak og aksisjon. Forslaget frå australske Heritage Collections Council ovanfor om å gjere 5 slike grundige vurderingar per år burde også vere overkommeleg for både små og store institusjonar. Slik kan det vere ein god måte å gå nærare inn på utvalde gjenstandar, og forbetre kvaliteten på dokumentasjonen vi har av samlinga på sikt.

Norsk Trikotasjemuseum, februar 2014  
Hanne Dale (prosjektleder)  
Torunn Kojan Bøe (rådgjevar og samlingsansvarleg)  
Ann Kristin Ramstrøm (leiar NT)